



Diana Olsen  
Slettestøveien 39  
5136 MJØLKERÅEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2572 - 14/16727

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
07.08.2014

## Gjeld søknad om utsleppsløyve for hytte på gbnr 134/134 Hilland.

Vi viser til søknad om utsleppsløyve for hytte på gbnr 134/134 med tilhøyrande dokumentasjon. Kommunen beklagar sein tilbakemelding på søknaden.

Omsøkte utslepp frå minireinseanlegget skal først til bekk som renn ut ved badeplass i Hillandsvatnet. Badeplassern er svært mykje nytta og området er bandlagt etter lov om friluftsliv. I gjeldande kommunedelplan for avløp for Lindås kommune for perioden 2013-2025 ligg bygging av nytt hovudreinseanlegg for Hillandsvatnet med utslepp til Radfjorden, inne med gjennomføring i 2015-2016. Forprosjektering er igangsett. Det er ikkje ønskjeleg med nye separate utslepp til området. Nye utslepp i området skal koplast til det kommunale anlegget.

I søknaden om utsleppsløyve er det ikkje gjort greie for interesser i området som vert berørt, eller skildra tiltak for å motverka interessekonfliktar. Søknaden er såleis mangelfull. Dersom det vert gitt løyve til omsøkte utslepp vil det verta sett strenge krav til etterpolering og moglegheit for prøvetaking.

Vi ber om snarleg tilbakemelding på om du vil at kommunen likevel skal handsama søknaden. Vi gjer merksam på at søknaden om dispensasjon skal på høyring, m.a. til regionale styresmakter. Dersom vi ikkje høyrer noko innan 1. septemeber vert søknaden arkivert utan handsaming.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
konst. fagleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:



**Kopi til:**

Stendal VVS AS

Blombakken 1 5911

ALVERSUND

**Mottakarar:**

Diana Olsen

Slettestøveien 39 5136

MJØLKERÅEN